

Inger og Vegard Halsne
Siljebergveien 30,
4276 Veavågen
Mobil: 92245807
Epost: vegard@halsnebygg.no
Dato: 10,04,2023
Karmøy kommune, v/Jarle Stunes
Rådhuset
Postboks 167
E-post: post@karmoy.kommune.no
4291 Kopervik

Varsel om oppstart av detaljregulering - plan 2138 Hapaløksbekken

Viser til dykkar brev av 17.02.2023, Dokumentnummer:22/2275-5.

Inger og Vegard Halsne er grunneigarar av gnr.4 bnr.25. Eigedommen er på 9 165m² som er regulert i **Reg plan 2055 - Siljeberg og Krokhaugen – områderegulering**. Søre delen av eigedommen mot Hapaløksbekken er avsett til fritidsformål. Nordre delen er avsett til bustadformål registrert som BD9 med BF23 på 3.540da. og BF 27 på ca.2da. Ca 920m² av BF 27 er lågare enn kote 5 og vil bli berørt av plan 2138 Hapaløksbekken. Nordre del av eigedommen er avsett til framtidig veg.

Vårt forslag til løysing er at den delen av BF 27 som er lågare enn kote 5 fylles opp slik at heile område BF 27 er høgare enn kote 5. Me har vedlagt eit situasjonskart med terrengsnitt der me har lagt område på kote 6.

Nabotomter gnr. 4 bnr. 422 i område BF 28 som grensar til BF 27 på vestsida har planert kotehøgde på ca. 6,6. Kotehøgde på austsida BF23 er på ca. 8,2 planert rundt ny bustad.

Vedlagt situasjonskart og terrengsnitt viser vårt forslaget med ein kote-høgde planert terreng på 6. Ny veg som vist på plankart er eit rekkefølge krav og må ferdigstillast før ein eventuelt kan starte utbygging på område BF27. Slik vegen avsluttast i dag på vestsida av BF27 så endar vegen på kote 6,6.

Høgde på tomteområde må også vurderast i høve til regulert framtidig veg.

Forslaget vil vere positivt for BF27 som beheld planens formål. Etter vår vurdering vil vårt forslag heller ikkje ha negativ verknad for ny plan Hapaløksbekken.

Vennlig hilsen
Inger og Vegard Halsne